



HAREID KOMMUNE

## TELEFAKS

Dato: 4/3-05

Mottakar:

Olje- og energidepartem.

Telefaksnr:

22249565

Emne:

Nou 2004:26 - Heimfall - Høyingsuttale

Frå:

Etat/Kontaktperson:

Anne Gunnar Aschehoug, rådmann

Eige telefaksnummer: 70 09 51 07

Merknadar/kommentarar:

Blir ettersendt som løst.

Antall sider inkludert denne: 5

**HAREID KOMMUNE**

Sentraladministrasjonen



Rådmannen

Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep

0033 OSLO

L.nr./ Saksh  
001693/05/ AGAArkivsaknr.  
05/00311Arkivkode  
/S0/&00Dato  
04.03.2005**NOU 2004:26 - HEIMFALL HØYRINGSUTTALE**Vedlagt følger saksutgreiing og vedtak frå ovannemnde sak frå møte i Hareid formannskap  
2. mars 2005.

Med helsing

  
Arne Gunnar Aschehoug  
konst. rådmann  
Elsa Gjerde  
sekr.

Vedlegg: Sak nr. 21/05 F.



**HAREID  
KOMMUNE**

**SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOKA**  
til  
**Formannskapet**

frå møte den 02.03.2005

**0021/05-F**

**NOU 2004:26 - HEIMFALL HØYRINGSUTTALE**

Arkivsaknr. Arkivkode L.nr./Sbh  
05/00311 /50/&00 001692/05/AGA


Rådmannen si tilråding samrøystes vedteken.

**Samrøystes vedtak:**

- 1. Det framlagde materialet har ikkje klargjort handlingsromet innanfor EØS-avtalen. Det er dermed usikkert om ein i høyringsdokumentet har med dei mest relevante problemstillingar og tilhøyrande alternative løysingar. Følgjande tema bør utgreiast nærmare før saka kan slutthandsamast i Stortinget:**
  - Heimfallet si rettslege stilling i dag og handlingsromet i forhold til EØS-avtalen for å lage ei ny heimfallsordning for kommersielle aktørar.
  - Antatte verknader på verdiskapinga i energisektoren og på framtidig eigarstruktur, jmf at fokus i utvale primært har vore statleg styring og kontroll.
  - Det juridiske grunnlaget for erstatning, i og med at offentlege eigarar som ikkje vil selje vil bli fråtekne verdjar dersom utvalet sitt forslag vert vedteke.
- 2. Dersom regjeringa avviser å utgreie spørsmåla grundig nok, vil formannskapet uttale følgjande:**
  - Alternativet med tradisjonelt heimfall for kommunane kan ikkje akseptrast.
  - Alternativet med partiell heimfall kan ikkje tilrådest.
  - Alternativet med transaksjonsmodellen subsidiært rettighetsmodellen kan ivareta kommunens interesser best.

Hareid, 4. mars 2005

Rett utskrift:

  
Elsa Gjerde  
sekr.

Utskrift sendt: Olje- og energidepartementet.

Postadresse:  
Hareid rådhus  
6060 HAREID

Besøksadresse:  
Hareid rådhus  
HAREID

Foretaksnr.: 964 979 278  
Telefon: 70 09 50 00  
Telefaks: 70 09 51 07

51.

## SAKSUTGREIING

**Sakstittel:** NOU 2004:26 - HEIMFALL  
HØYRINGSUTTALE

**Arkivsak:** 05/00311

**Saksdokument:**

			Vedlagt:
1. Skriv frå Olje- og energidepartementet	dat.	1.12.2004	x
2. Samandraget i NOU 2004:26	"		x
3. Brev frå KS	"	29.12.2004	x
4. KS heimeside frå konferanse om heimfall	"	20.1.2005	x

**Saksopplysningar:**

Heimfall handlar om at rettar til vassfall, vassdragsreguleringar og tilhøyrande kraftverkanlegg tilfell staten vederlagsfritt etter utløpet av konsesjonperioden. Dette gjeld ikkje i dag for slike rettar som er eigd av kommuner og fylkeskommuner.

I utgreiinga er foreslår fleirtalet at heimfall også skal gjelde for kommunane, og at dei såleis misser sine evigvarande rettar.

Det vert elles vist til vedlegga om bakgrunn og innhaldet i utgreiinga og om KS sitt syn. Hareid kommune har både rettar til vassfall (Gjerdsvika og Søre-Brandal vassdraga) og om lag 5% eigarskap i Tussa as som eig og driv mange fleire kraftanlegg. Hareid kommune vil såleis bli berørt av endringar i dagens heimfallsinstituttet.

Saka må slutthandsamast i formannskapet pga. merknadsfristen.

**Vurdering:**

Hareid kommune bør etter rådmannens vurdering kome med høyringsuttale som best mogleg sikrar dei verdiar vi i dag har i desse anlegga og rettane.


**Rådmannen si tilråding:**

1. Det framlagde materialet har ikkje klargjort handlingsromet innanfor EØS-avtalen. Det er dermed usikkert om ein i høyringsdokumentet har med dei mest relevante problemstillingar og tilhøyrande alternative løysingar. Følgjande tema bør utgreiast nærmare før saka kan slutthandsamast i Stortinget:
  - Heimfallet si rettslege stilling i dag og handlingsromet i forhold til EØS-avtalen for å lage ei ny heimfallsordning for kommersielle aktørar.
  - Antatte verknader på verdiskapinga i energisektoren og på framtidig eigarstruktur, jmf at fokus i utvale primært har vore statleg styring og kontroll.
  - Det juridiske grunnlaget for erstatning, i og med at offentlege eigarar som ikkje vil selje vil bli fråtekne verdiar dersom utvalet sitt forslag vert vedteke.
2. Dersom regjeringa avviser å utgreie spørsmåla grundig nok, vil formannskapet uttale følgjande:

**.17c**

- Alternativet med tradisjonelt heimfall for kommunane kan ikkje akseptrast.
- Alternativet med partiell heimfall kan ikkje tilråast.
- Alternativet med transaksjonsmodellen subsidiært rettighetsmodellen kan ivareta kommunens interesser best.

Rådmannen i Hareid, 24.02.2005.

  
Arne Gunnar Aschehoug  
Kst. rådmann

Utskrift til: *Til sekretariat for ekspedering*